

Skadesesong øydela for uskedeling**09.11.2006**

Uskedelingen Trygve Leite var i fjor på Norges beste lag i dei nasjonale turneringane i sandvolleyball. Han var i sju finalar og vann fem av dei. I år måtte han nøya seg med å koma til tre finalar og vann ein. Sesongen har stort sett vorte spolert grunna skadar.

Til Kvinnheringen fortel Trygve at skademarerittet byrja alt i første turneringa der hans nåverande makker Trygve Lyng strekk i låret. Strekken var vanskeleg å bli kvitt og uskedelingen prøvde ut andre partnerar. Men det var problematisk å finna eit stabilt samarbeid midt i sesongen. Tre av dei fire han spela med fekk og akutte skadar eller dei sleit med belastningsskadar. Dette gav svært varierande spell og tære både på humør og prestasjoner.